

MØTEPROTOKOLL

Utval: Utval for natur
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtedato: 12.12.2007 **Tid:** 15.00 – 18.30

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev .

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 7 medlemmer møtte alle.

Andre som var tilstade på møtet:

Plan- og miljøkonsulent Karen Tvedt, avd. ing. Knut Steinsland, ordførar og adm.sjef

Det var synfaring i samband med sak 69/07.

Som eit ledd i folkevaldopplæringa gjekk avd. ing. Knut Steinsland igjennom sentrale paragrafar i plan- og bygningslova.

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 14.12.2008

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og saklista vart samrøystes godkjend.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen frå førre møtet vart godkjend etter at ordet piggdekk vart bytta ut med piggråd under punktet skriv og meldingar.

UTVALET SITT KVARTER:

Sture Tveit viste til at det var laga rekkverk på fylkesvegen på Gjerde slik at tilkomst til badevika var stengd. Administrasjonen tek dette opp med Statens Vegvesen.

Sigmund Dyrhovden sa at bestikket deira var misfarga. Han var usikker på kva som har gjort det, og ønskte å få det undersøkt. Han viste til at situasjonen ikkje var slik før det nye vassverket vart sett i drift.

Det vart orientert om kva kommunen bruker av kjemikalier m.m. i reinseanlegget. Det er vanskeleg å sjå at dei skal føre til slikt resultat. Kommunen har heller ikkje fått klagar frå andre på dette.

Gunnar Bruvik viste til at tunnelen på fylkesvegen på Gjerde er svært skjemmande. Denne er også ein innfallsport til kommunen, og noko bør gjerast.

Kommunen tek kontakt med Statens Vegvesen for å få dei til å feste ein del lause platar/materiell.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Strandsoneplan – Karen Tvedt orienterte om arbeidet så langt. Arbeidet så langt har vore presentert og drøfta i planforum i Hordaland fylkeskommune. Arbeidsgruppa har vore på synfaring i delar av kommunen. Det er lagt opp til folkemøte i januar 2008. Det er mogleg at utvalet må samlast før folkemøta for å trekkje nokre førebelse konklusjonar først og fremst om inngrepsfrie område.

Verna vassdrag – sidegreiner – utbygging av småkraft. Interessenter for utbygging av kraftverk i Jarlandsområde har vend seg til kommunen for å høyra kva syn kommunen har på utbygging her. Slik situasjonen er er det lite truleg at dei vil få igjennom søknaden sin hjå NVE utan at kommunen arbeider aktivt i høve til fredninga.

Spørsmålet vart drøfta. Det vart konkludert med at kommunen ikkje vil ta stilling til det konkrete utbyggingsønskje, men at det skal førebuast ei sak der ulike problemstillingar i høve til freding av sidegreinene til Eikedalsvassdraget må sjåast nærare på. Problemstillinga er om kommunen meiner at dagens fredningsvedtak fortsatt skal gjelda eller om kommunen skal arbeida for at dette vert endra.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0069/07	07/00427 DELINGSSAK GNR 4, BNR 4 - TILLEGSAREAL TRENGEREIDFJORDEN
0070/07	07/00440 PLANPROGRAM REGULERINGSPLAN - HYTTEFELT KVITINGEN.
0071/07	07/00449 SØKNAD OM BRUKSENDRING OG FASADEENDRING FRØLAND SKULE GNR.39 BNR.17, 30 OG 76 FRØLAND

0069/07

**DELINGSSAK GNR 4, BNR 4 - TILLEGSAREAL
TRENGEREIDFJORDEN**

Framlegg til vedtak::

Med heimel i § 63 og § 20-4 i plan og bygningsloven vert det ikkje gjeve delingsløyve for parsell til bruk som tilleggsareal frå gnr 4 bnr 4 med unnatak av ein mindre del som i dag vert nytta til garasje.

I møtet i naturutvalet vil det verta gitt tilråding i høve til frådeling av eit området langs vegen.

Deling kan godkjennast etter jordlova § 12.

Handsaming i møte:

Utvalet var på synfaring på staden.

I møtet ga administrasjonssjefen uttrykk for at dersom området ved vegen vart redusert noko kunne dette frådelast.

Sture Tveit sette fram eit framlegg som i stor grad imøtekom søknaden. Dette framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Med heimel i § 63 og § 20-4 i plan og bygningsloven vert det gjeve delingsløyve for to parsellar frå gnr 4 bnr 4. Jmf. kart dagsett 12.02.2007.

Deling kan godkjennast etter jordlova § 12.

0070/07

PLANPROGRAM REGULERINGSPLAN - HYTTEFELT KVITINGEN.

Framlegg til vedtak::

I samsvar til §30 i plan og bygningsloven vert framlegg til planprogram for hyttefelt i Kvitingen godkjent utan merknadar.

Handsaming i møte:

Bjørn Sævild er tilsett hjå Helge Rød. Han etterlyste utvalet si meining på om han var ugild ved handsaming av saka. Utvalet drøfta dette, og konkluderte med at det ikkje låg føre grunnlag for å kjenna Sævild ugild.

Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

Vedtak:

I samsvar til §30 i plan og bygningsloven vert framlegg til planprogram for hyttefelt i Kvitingen godkjent utan merknadar.

0071/07

**SØKNAD OM BRUKSENDRING OG FASADEENDRING FRØLAND SKULE
GNR.39 BNR.17, 30 OG 76 FRØLAND**

Framlegg til vedtak::

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplan for bruksendring frå skule til kulturhistorisk senter.

Med heimel i plan og bygningslova §§ 93 og 95 vert det gjeve løyve til bruksendring frå skule til kulturhistorisk senter og løyve til fasadeendring for bygning på gnr.39 bnr.17,30 og 76 på Frøland.

Tiltakshavar er sjølv,eventuelt med leigd hjelp, ansvarleg for at alt arbeid vert utført i samsvar med gjeldande krav i plan og bygningslova med tilhøyrande forskrifter.

Handsaming i møte:

Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

Vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplan for bruksendring frå skule til kulturhistorisk senter.

Med heimel i plan og bygningslova §§ 93 og 95 vert det gjeve løyve til bruksendring frå skule til kulturhistorisk senter og løyve til fasadeendring for bygning på gnr.39 bnr.17,30 og 76 på Frøland.

Tiltakshavar er sjølv,eventuelt med leigd hjelp, ansvarleg for at alt arbeid vert utført i samsvar med gjeldande krav i plan og bygningslova med tilhøyrande forskrifter.